



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 67

(2004–2005)

Om samtykke til at Noreg deltek i den 14. kapitalpåfyllinga i Det internasjonale utviklingsfondet (IDA)

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 27. mai 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen ber Regjeringa om Stortingets samtykke til deltaking i den 14. påfyllinga i Det internasjonale utviklingsfondet (*International Development Association – IDA*). IDA er Verdsbankens utviklingsfond for dei fattigaste landa, som ut ifrå sin økonomiske situasjon ikkje bør ta opp lån på vanlege vilkår i Verdsbanken. Fondet gjev lån på mjuke vilkår og gåvemidlar til utviklingsfremjande og fattigdomsreduserande tiltak, og er særskild viktig for økonomien i det store fleirtalet av dei fattigaste utviklingslanda. Fondet vil og vere heilt avgjerande for å sikre tilstrekkeleg finansiering til å nå FNs tusenårsmål. Nye ressursar vert tilførde hovudsakleg frå gjevarland som resultat av påfyllingsforhandlingar og gjennom tilbakebetalingar på tidlegare lån. Påfyllingsforhandlingane vert vanlegvis haldne kvart tredje år.

Den førre påfyllinga av fondet (IDA 13) vart gjort i 2002 for perioden 2002–2004. Utlånspolitikken til fondet, påfyllingsnivået og byrdefordelinga mellom gjevarlanda utgjer sentrale tema i forhandlingane.

IDA 14-påfyllinga gjeld for perioden 2005–2008 og utgjer til saman SDR (*Special Drawing Rights*) 22,3 mrd. (rundt 220 milliardar kroner). Av dette er tilskotet frå gjevarlanda SDR 12,3 milliardar (rundt 120 milliardar kroner). Alt i alt svarar dette til ein auke på rundt 25 pst. i høve til IDA 13.

Ei omfattande omfordeling i delar mellom dei ulike gjevarlanda fann stad i samband med IDA 14-påfyllinga. Dette inneber at ein kan sjå for seg konturane av ein ny dynamikk i framtidige forhandlingar. Medan det tidlegare var ein dominerande gjevar (USA), ser det no ut til at ein vil kunne få tre nesten jamstore (USA, Japan og Storbritannia). Tilskota frå dei einskilde landa går fram av vedlegg 1. Tilskot til IDA går over kap. 0171, post 70 (Verdsbanken).

Sidan IDA 9 har det vore praksis å fastsetje tilskota til kapitalpåfyllinga i *Special Drawing Rights* (SDR). Kursen for omrekning til nasjonal valuta vert fastsett under forhandlingane. For IDA 14 er kursen for omrekning til nasjonal valuta fastsett til å vere den gjennomsnittlege vekslingskursen for perioden frå 1. april til 30. september 2004. For Noregs del inneber dette ein kurs der 1 SDR svarar til NOK 10,05411.

Denne gongen vart IDA 14-forhandlingane òg nytta til forhandlingar om finansiering av tapte tilbakebetalingar som følgje av at IDA gjev omfattande gjeldslette under gjeldsletteinitiativet for dei fattigaste landa (*Heavily Indebted Poor Countries Initiative – HIPC*) i IDA 14-perioden. Det vart oppnådd semje om å nytte byrdefordelingane under IDA 13-påfyllinga, noko som representerer ei klart meir rettferdig byrdefordeling enn ved tidlegare finansiering av HIPC-gjeldslette. Noregs tilskot til dekning av IDAs HIPC-kostnader under IDA 14 utgjer

NOK 195 930 000 over tre år, kjem i tillegg til det regulære norske gjevartilskotet og vil verte dekt av Fond for internasjonale gjeldsletteoperasjonar (kap. 0172.70).

Det var semje om at ein i IDA 14-forhandlingane skulle fokusere spesielt på følgjande utvalde tema som utgjer særlege utfordringar for IDAs tilskot til å oppnå FN's tusenårsmål:

- Ein berekraftig gjeldssituasjon for mottakarlanda, under dette å auke gåvedelen av IDA-hjelpa. Trass i omfattande gjeldsletteiltak dei seinare åra slit mange fattige land framleis med monalege gjeldsproblem.
- Berekraftig økonomisk vekst og utvikling av privat sektor. Dette er svært viktige element i utviklingsprosessen, som har vorte vigd urimeleg lita merksemd dei seinare åra.
- IDAs rolle i utviklingssamarbeidet, særleg på landnivå. Eit heilt sentralt tema i dagens debatt om utviklingshjelp er trongen for at alle gjevarar tilpassar seg mottakarlanda sine eigne utviklingsstrategiar og harmoniserer verksemda si.

Det var brei tilslutnad til det norske synet om at fokus på desse temaa ikkje skal kome i staden for, men i tillegg til viktige prioriteringar som ein er vorte samde om i tidlegare IDA-forhandlingar, til dømes helse, utdanning og godt styresett, og at økonomisk vekst og fattigdomsreduksjon er gjensidig styrkjande element. Prinsippet om at IDAs hjelp skal forankrast i dei fattige landa sine eigne fattigdomsretta utviklingsstrategiar vil verte ytterlegare styrkt under IDA 14-perioden.

2 Bakgrunn

Stortinget slutta seg i mai 1960 til at Noreg skulle verte medlem i IDA. Saman med den «opphavlege» Verdsbanken (*International Bank for Reconstruction and Development – IBRD*), Det internasjonale finansieringsinstituttet (*International Finance Corporation – IFC*) og Det multilaterale garantiinstituttet (*Multilateral Investment Guarantee Agency – MIGA*) utgjer IDA det som vert omtala som Verdsbankgruppa.

Den opphavlege kapitalen i IDA utgjorde om lag SDR 1 milliard. Fondet er tilført ytterlegare om lag SDR 123 milliardar gjennom 13 kapitalpåfyllingar før denne. Hovudoppgåva til IDA er å gje lån til utviklingsføremål i dei fattigaste landa på gunstige vilkår. Lån i IDA er rentefrie, er avdragsfrie dei 10 første åra og har opp til 40 års tilbakebetalingstid. Lån frå IDA vert vanlegvis utbetalt over fleire år,

avhengig av kva type prosjekt eller program det vert lånt til. Det vert rekna eit administrasjonsgebyr på 0,75 pst. per år av den delen av lånet som er utbetalt.

Grunnlaget for IDAs hjelp er dei finansielle tilskota som ei rekkje gjevjarland stiller til disposisjon gjennom jamlege påfyllingar av fondet. Alle tilskot til IDA er ubundne gåvemidlar. I tillegg kjem tilbakebetalingar frå låntakarane i IDA og overføringar frå overskotet til Verdsbanken, som til saman utgjer ein monaleg del av kapitalpåfyllingane. Hjelp frå IDA går til dei fattigaste utviklingslanda med hovudvekt på Afrika sør for Sahara. For tida kan land med eit bruttonasjonalprodukt per innbyggjar på USD 895 eller mindre få midlar frå IDA. Dessutan kan somme mindre øystatar med særleg sårbar økonomi og manglande kredittverdighet få midlar frå IDA sjølv om bruttonasjonalproduktet per innbyggjar er over denne grensa.

IDA er den største einskildytaren av finansiell hjelp til dei fattigaste utviklingslanda. I dei siste påfyllingane har om lag halvparten gått til Afrika sør for Sahara. Tilskot til IDA er i dei fleste OECD-landa den desidert største multilaterale tilskotsposten. IDA og FN's utviklingsprogram (UNDP) har vore dei største mottakarane av norsk hjelp gjennom multilaterale hjelpeorganisasjonar i dei seinare åra.

Sidan 1960 har Noregs del i kapitalpåfyllingane til IDA vorte gradvis større, først frå 0,89 pst. i dei første kapitalpåfyllingane til 1,42 pst. i IDA 9, til 1,52 pst. i IDA 13 og no 1,68 pst. i IDA 14. Dette heng saman med at Noreg gjer ein lavare andel i gjevartilskot til IDA samalikna med andre bistandskanalar enn mange andre land. Auken kan grunnjevast med at Noregs utanriksøkonomiske stilling har vorte drastisk betra i 1990-åra, og at IDAs utlånspolitikk dei siste 10–15 åra har utvikla seg raskt og i aukande grad har vorte samanfallande med norsk utviklingspolitikk. IDA har ein tydeleg fattigdomsprofil, og Verdsbanken ligg i framkant med omsyn til analytisk arbeid og fagleg hjelp.

Verdsbanken har lenge hatt fattigdomsreduksjon som si overordna målsetjing og legg no FN's tusenårsmål til grunn for verksemda si. Det vert lagt sterk vekt på at hjelpa skal ytast i tråd med mottakarlanda sine eigne utviklingsstrategiar og i styrkt partnerskap med andre institusjonar og bilaterale gjevjarar. I tråd med dette er Verdsbanken aktivt med i det forsterka internasjonale arbeidet for auka harmonisering og samordning innanfor gjevvarsamfunnet.

Reform av offentleg administrasjon (godt styresett), infrastruktur, utdanning og helse er dei føremåla som mottek mest hjelp frå IDA. Verdsbank-

gruppa er i dag den største tilskotsytaren til grunnutdanning, primærhelse og kampen mot hiv og aids i utviklingslanda. Det er over år lagt stor vekt på å integrere miljø- og likestillingsspørsmål sterkare i verksemda til IDA. IDA er ein sentral aktør i HIPC-initiativet, som gjev ei samla gjeldslette på USD 54 milliardar til 27 land. Ytterlegare 11 land vil verte inkluderte i initiativet når dei innanrikspolitiske tilhøva i desse landa gjer det mogleg.

IDA og Verdsbanken har felles administrasjon og stab. Institusjonane har i praksis felles styre, sjølv om IDA formelt har eige styre sidan medlemskapen i dei to institusjonane er noko ulik. Fordelinga av stemmer i styra i dei to institusjonane er ulik, ettersom medlemslanda har ulik del av kapitalgrunnlaget i institusjonane. Dette har likevel lite å seie i praksis sidan ein søkjer å ta alle avgjerder med konsensus etter forhandlingar. Dei nordiske og baltiske landa har felles styrerepresentasjon i IDA og Verdsbanken. I forhandlingane om kapitalpåfyllingane i IDA deltek likevel dei nordiske landa kvar for seg. Dei nordiske landa deltek aktivt i utforminga av retningslinjene for verksemda til IDA. Gjennomføringa vert så følgd opp i styrearbeidet gjennom det felles nordisk-baltiske valggruppekontoret. Vervet som leiar av valggruppekontoret og felles styrerepresentant for landa er det no Island som har, men vert overteke av Noreg sommaren 2006.

3 Forhandlingane om IDA 14

Forhandlingane om den 14. kapitalpåfyllinga av IDA for perioden frå 1. juli 2005 til 30. juni 2008 vart formelt innleidde 18. februar 2004 og vart etter fem forhandlingsmøte avslutta 22. februar 2005. I forhandlingane deltok representantar frå 40 gjevvarland. Som under IDA 13 deltok òg nokre representantar for mottakarlanda i forhandlingane. Dette verka positivt for drøftingane ved at forhandlingstemaet også vart opplyste direkte frå mottakarlanda sine perspektiv. Under IDA 13-forhandlingane vart større openskap rundt forhandlingsprosessen initierte. Dette gav høve for innspel frå det sivile samfunnet. Denne openskapen har vorte ytterlegare styrkt under IDA 14-forhandlingane. Utkast til det endelege forhandlingsresultatet vart lagt ut på Internett, med høve for alle interesserte til å kome med innspel og merknader før sluttforhandlingane. Forhandlingane var prega av at dei gjekk føre seg i ein periode då spørsmålet om korleis FNs tusenårs mål skal kunne nåast, stod høgt på den internasjonale dagsordenen. Det vart i den samanhengen fokusert både på utviklingspolitiske

prioriteringar for IDA og på den store trongen for finansiell hjelp – frå mellom andre IDA – i freistnadene på å nå tusenårs måla.

Det var semje om at IDA-forhandlingane må verte meir selektive og fokuserte. Dette innebar at ein ikkje bør bruke unødig tid og ressursar på spørsmål som det alt er brei semje om (til dømes landeigarskap, godt styresett, økonomisk vekst, utdanning og likestilling), at detaljane i IDA sitt arbeid bør vere ei sak for styret, og at forhandlingane og sluttrapporten difor bør fokusere på relativt få og viktige nye tema.

Desse temaa vart drøfta spesielt under forhandlingane:

- Ein berekraftig gjeldssituasjon for mottakarlanda, under dette å auke gåvedelen av IDA-hjelpa. Trass i omfattande gjeldslettetiltak dei seinare åra slit mange fattige land framleis med monalege gjeldsproblem.
- Berekraftig økonomisk vekst og utvikling av privat sektor. Dette er svært viktige element i utviklingsprosessen, som har vorte vigd urimeleg lita merksemd dei seinare åra.
- IDAs rolle i utviklingssamarbeidet, særleg på landnivå. Eit heilt sentralt tema i dagens debatt om utviklingshjelp er trongen for at alle gjevvarar tilpassar seg mottakarlanda sine eigne utviklingsstrategiar og harmoniserer verksemda si.

Med utgangspunkt i trongen for ekstern finansiering av FNs tusenårs mål og IDAs klare fattigdomsorientering vart det frå Verdsbankens side lagt opp til eit påfyllingsnivå som ville sikre at IDAs del av den samla hjelpa vart halde ved lag, når det vert teke omsyn til auken i hjelp som gjevvarsamfunnet har bunde seg til etter den FN-leidde konferansen om finansiering for utvikling i Mexico i 2002. Verdsbanken tok på dette grunnlaget til orde for ein auke i påfyllinga på 30 pst. samanlikna med IDA 13. Noreg, med støtte frå særleg Storbritannia og Sverige, gjekk likevel inn for at påfyllinga skulle aukast med 40 pst. fordi ein til skilnad frå tidlegare påfyllingar også måtte mobilisere gjevartilskot til å dekkje IDAs gjeldslettekostnader under HIPC-initiativet. Heilt sidan HIPC-initiativet vart sett i verk i 1996 har det vore ein føresetnad at gjeldsletta skal kome i tillegg til anna hjelp. Frå norsk side peika ein difor på at dekning av IDAs HIPC-kostnader ikkje burde inkluderast når ein rekna ut IDA sin del av den samla hjelpa. Sjølv om det var generell oppslutnad om at IDAs del av den samla hjelpa burde haldast ved lag, viste forhandlingane at det var ulik vilje og evne til å medverke til at målet lét seg oppfylle.

Noreg tok òg opp andre tema under forhandlingane. Dette gjaldt mellom anna spørsmålet om korleis Verdsbanken kan medverke betre til gjevvarsamordning på landnivå og styrking av samarbeidet med FN.

Eit anna spørsmål som vart drøfta, var ytterlegare styrking av IDAs system for fordeling av ressursar mellom land basert på reforminnsatsen og måloppnåinga til låntakarlanda.

4 Sluttresultatet av forhandlingane

Forhandlingane gav som resultat eit samla kapitalgrunnlag på om lag SDR 22,3 milliardar (NOK 220 milliardar). Av dette utgjorde påfylling frå gjevvarlanda rundt SDR 12,3 milliardar (NOK 120 milliardar), medan det overskytande vert dekt gjennom tilbakebetalingar av gamle lån og overføringar frå overskotet til Verdsbanken. Ein mindre del av påfyllinga skal kompensere for delar av IDAs gjevvarhjelp under IDA 13 og dekkje IDAs gjeldslettekostnader i IDA 14-perioden. Samla sett inneber dette at IDAs hjelpekapasitet vert auka med om lag 25 pst. Sjølv om det kan ventast nokre ekstraordinære tilskot frå somme av dei landa som reduserte tilskota sine i forhandlingane, er det lita utsikt til at målet om ein påfyllingsauke på 30 pst. vil verte nådd.

Sjølv om ein auke i påfyllinga på 25 pst. i seg sjølv er monaleg, var det såleis skuffande at somme store gjevvarland (USA frå 20 pst. til under 13 pst., Japan frå 16 pst. til under 12 pst. og Tyskland frå over 10 pst. til under 8 pst.) ikkje var villige til å medverke til eit påfyllingsnivå som gjer det mogleg for IDA å halde ved lag delen sin av den samla hjelpa, gjeve at denne aukar som føresett fram mot 2015. Den omfattande omfordelinga i delar mellom dei ulike gjevvarlanda som fann stad i samband med IDA 14-påfyllinga, inneber at ein kan sjå for seg konturane av ein ny dynamikk i framtidige forhandlingar. Medan det tidlegare var ein dominerande gjevvar (USA), ser det no ut til at ein vil kunne få tre nesten jamstore gjevvarar (USA, Japan og Storbritannia).

På den andre sida auka ei rekkje land, mellom dei Noreg, delane sine. Den norske delen vert auka frå 1,52 pst. til 1,68 pst. (tilsvarande 144 mill. kroner per år i perioden 2005–2007). Dette inneber eit regulært tilskot på NOK 2 184 070 fordelt over tre år. I tillegg aukar Storbritannia, Sverige, Frankrike, Nederland, Spania, Irland, Austerrike, Russland og Luxembourg delane sine. Tilskota frå dei einskilde landa går fram av den vedlagde tabellen (vedlegg 1). Den norske auken må seiast å vere

liten samanlikna med auken til fleire av dei nemnde landa.

Samanlikna med ei rekkje andre land er den norske delen givartilskot til IDA relativt lav i høve til andre bistandskanalar. Den auka ein her leggjer opp til inneber ei viss justering av biletet, men det norske gjevartilskotet ligg med denne oppjusteringa framleis etter mange andre land.

Slik som ved dei siste påfyllingane skal IDA-hjelpa grunnast på overordna prioriteringar som fattigdomsreduksjon, god økonomisk politikk og berekraftig utvikling. Det var brei semje om at den overordna gjeldande ramma for IDA-hjelp, som har vorte utvikla gradvis gjennom ei rekkje påfyllingsforhandlingar og jamlege drøftingar i styret i Verdsbanken, framleis skal utgjere grunnlaget for verksemda til IDA. Denne ramma er kjenneteikna av ei heilskapleg tilnærming til fattigdomsreduksjon med to hovudsøyler. Den eine fokuserer på utvikling av menneskelege ressursar innanfor sektorar som helse og utdanning, medan den andre legg vekt på å fremje berekraftig økonomisk vekst. I tillegg skal IDA arbeide med sentrale tverrgåande tema som godt styresett, likestilling mellom kjønn og miljøomsyn, hjelpa skal grunnast på mottakarlanda sine eigne fattigdomsstrategiar (*Poverty Reduction Strategy Papers – PRSP*), og at det skal samarbeidast nært med andre gjevvarar.

Det var semje om at utviklinga i Afrika framleis er ei tung utfordring i lys av at mange land i regionen framleis har store problem knytte til dårleg styresett, væpna konflikter, hiv- og aidsepidemien og fallande råvareprisar. Målet frå tidlegare påfyllingar om at rundt halvparten av den finansielle hjelpa frå IDA skal gå til Afrika, vart på dette grunnlaget vidareført. I lys av at utviklinga i folkerike asiatiske land som India, Pakistan, Indonesia og Bangladesh har mykje å seie for oppnåinga av FN's tusenårs mål sett i eit globalt perspektiv, er den føreslegne auken i IDA-hjelp til desse også naturleg.

Det vart vedteke under IDA 12-forhandlingane at reforminnsatsen og resultatoppnåinga til låntakarlanda i stor grad vil vere avgjerande for fordelinga av IDAs finansiering mellom land. Det var semje om å ytterlegare styrkje dette systemet under IDA 14-forhandlingane. Dette skal medverke til å sikre at knappe IDA-ressursar vert brukte på ein måte som har størst mogleg utviklingseffekt.

Fordelinga av IDA-hjelp på lån og gåvemidlar til det einskilde landet vil i all hovudsak verte fastsett på grunnlag av gjeldssituasjonen til landet. Utgangspunktet vil vere Verdsbankens og IMF's nye tilnærming til korleis ein skal hjelpe land med vedvarande gjeldsproblem (Debt Sustainability

Framework), som vart forhandla fram under IDA 14-forhandlingane. To hovudpunkt i denne tilnærminga er at ein i større grad må skreddarsy hjelpa til situasjonen i dei einskilde landa, og at hjelpa må gjevast på vilkår som ikkje fører til ei for stor gjeldsbyrde. Dei landa som har dei største gjeldsproblema – dei fleste i Afrika – vil få all støtte frå IDA i form av gåvemidlar, medan dei landa som har ein mindre kritisk gjeldssituasjon, vil framleis kunne få lån på mjuke vilkår. Ei slik tilnærming er i tråd med norsk utviklings- og gjeldsslettespolitikk. Kriteria for tildeling av gåvehjelp vil i utgangspunktet berre gjelde for IDA 14-perioden.

For å grunne tildelinga av gåvemidlar på mest mogleg relevant informasjon er forslaget om regelmessige oppdateringar av gjeldsindikatorane til eit land svært viktig. Dette vil verte eit hovudtema ved midtvegsgjennomgangen av IDA 14. I den samanhengen vert det venta at ein ser nærare på eit fransk-norsk initiativ om handtering av land som trass i omlegging av IDAs utlånspolitikk endar opp med ein særleg vanskeleg gjeldssituasjon.

Samla sett vil rundt 30 pst. av hjelpa i IDA 14-perioden kome i form av gåvemidlar, medan delen under IDA 13 ligg på om lag 20 pst. Dette skaper nokre nye utfordringar. Dersom IDAs hjelpeevne skal haldast ved lag på lengre sikt, vil det krevje at gjevarlanda kompenserer IDA for tapte tilbakebetalingar av lån som følgje av auka gåvehjelp etter kvart som desse låna forfell til betaling 10–40 år fram i tid. Sjølv om ei slik politisk forplikting er nedfelt i sluttrapporten, er det usikkert om alle gjevarlanda vil kjenne seg bundne av dette når kompenseringa faktisk skal byrje. Det vert understreka at ein frå norsk side ikkje har forplikta seg når det gjeld framtidige kapitalpåfyllingar i denne omgangen. Mye tyder på at det vil vere trong for monaleg hjelp, frå mellom andre IDA, også etter 2015. Det ville vere uheldig om IDA på dette tidspunktet får monaleg redusert hjelpekapasitet på grunn av omfattande gåvehjelp dei næraste åra. Vidare kan redusert långjeving frå IDA som følgje av auka gåvedel opne for auka utlåning frå andre aktørar på hardare vilkår. Ein auke av til dømes eksportkredittejeving til fattige land kan i og for seg synast ønskjeleg, også frå ein utviklingspolitisk ståstad. Men det ligg i sakas natur at slike kredittar, som normalt er føremål for statsgarantiar, inneber risiko for ny gjeldsakkumulering. Det må difor leggjast stor vekt på nøye samordning og god informasjonsutveksling på långjevvarsida, slik at ein unngår overutlåning og nye gjeldskriser. For fattige land som har fått gjelda si ned på eit handterleg nivå, bør det – i alle fall i ein overgangsperiode – visast stor varsemnd med lån på marknadsvilkår. Dette

gjer det desto viktigare å sikre tilstrekkeleg finansiering på gåvewilkår eller mjuke lånevilkår.

Med omsyn til utvikling av privat sektor fell Verdsbankens tilnærming i fleire viktige samanhengar saman med norske posisjonar. Forhandlingsresultatet speglar ei auka vekt på økonomisk vekst, ikkje som eit mål i seg sjølv, men som eit middel til å oppnå effektiv og omfattande fattigdomsreduksjon. Likeins vert det erkjent at fattigdomsreduksjon i seg sjølv medverkar til økonomisk vekst. I den samanhengen vert IDAs fornya fokus på hjelp til å styrkje infrastrukturen i mottakarlanda framheva. Andre sentrale element vil vere sterkare fokus på vurdering av investeringsklima, støtte til utvikling av privat sektor, ikkje minst lokale små og mellomstore føretak, og formalisering av eigedomsrettar. Vidare vil Verdsbanken styrkje samarbeidet sitt med andre aktørar på desse felta.

Som det går fram av del II i St.prp. nr. 33 (2002–2003) har Verdsbanken endra seg monaleg det siste tiåret, bort frå einseitig fokus på økonomisk vekst og større vekt på menneskelege ressursar og berekraftig utvikling. At ein under IDA 14-forhandlingane på nytt har gjeve aspekt som vekst og næringslivsutvikling meir merksemd endrar ikkje denne allmenne vurderinga, men må sjåast på som ei naturleg utvikling i og med at Verdsbanken i den første fasen i støtta til utarbeiding av nasjonale utviklingsstrategiar har konsentrert seg monaleg om spørsmål knytte til sosial utvikling, helse og utdanning. Resultatet av IDA 14-forhandlingane kan sjåast på som ei naudsynt justering i retning av ei meir balansert tilnærming til tilhøvet mellom vekst og sosial utvikling. Utgangspunktet er at begge dimensjonane representerer heilt sentrale og gjensidig styrkjande element i kvar strategi for fattigdomsreduksjon som grunnar seg på landspesifikke vurderingar og nasjonale prioriteringar. Det vil vere viktig å kontrollere at IDA også i praksis vartek denne balansen og held fram med den monalege støtta til helse og utdanning.

Fleire land, mellom dei Noreg, gav under forhandlingane uttrykk for at det ikkje hadde vorte lagt tilstrekkeleg vekt på fordelingsaspektet i Verdsbankens tilnærming til vekst. Det vart frå norsk side framheva at ikkje berre er vekst naudsynt for fattigdomsreduksjon, men fattigdomsreduksjon er også naudsynt for å halde ved lag og forsterke veksten. Det kan i den samanhengen nemnast at Verdsbankens årlege publikasjon *World Development Report* for 2006 skal sjå nærare på mellom anna fordelingsaspektet. Dette vil vere ei problemstilling som ein vil følgje nøye frå norsk side i tida framover.

Det er positivt at Verdsbanken klarare enn tidlegare knyter eit samband mellom politisk stabilitet, demokratisering og fattigdomsreduserande vekst. Dette kan sjåast på som nok eit steg i prosessen med å gradvis integrere demokrati- og menneskerettsaspekt i verksemda til Verdsbanken, noko ein frå norsk side har sett høgt på dagsordenen. Ettersom det framleis er monaleg motstand mot dette, særleg hjå utviklingslanda sjølve, synest det føremålstenleg at desse aspekta vert handsama på ein måte som knyter dei til økonomisk og sosial utvikling og såleis direkte til mandatet til Verdsbanken.

Sluttresultatet speglar kor viktig det er at gjevvarsamfunnet gjennom IDA tilpassar seg – og medverkar til å styrkje – mottakarlanda sine egne utviklingsstrategiar, og at gjevarane legg vekt på harmonisering og samordning. Seint i forhandlingane tok USA til orde for å setje ei indikativ høgstegrense på 30 pst. når det gjeld delen budsjetttøttelån (såkalla «*utviklingspolitisk utlåning*») i IDAs samla utlån på grunn av uro for at det ville vere vanskelegare å kontrollere bruken av denne typen lån samanlikna med tradisjonelle investeringslån. Noreg og andre peika på at det ville vere uheldig å setje tak på ei hjelpeform som er utforma for å fremje harmonisering og samordning og for å støtte opp under landa sine egne strategiar. Utfallet vart eit kompromiss der spørsmålet skal bringast inn for styret i Verdsbanken dersom delen budsjetttøttelån nærmar seg 30 pst. Verdsbankens auka vektlegging av utviklingspolitisk utlåning speglar at institusjonen er mykje opnare i dag enn tidlegare i høve til alternative politikkval, og at ein innser at naudsynte reformer må tilpassast tilhøva i kvart einskild land. Den pågåande gjennomgangen av Verdsbankens lånevilkår (kondisjonaltitet) – der Noreg deltek aktivt – vil medverke til å setje endå sterkare fokus på spørsmål knytte til nasjonalt eigarskap og gjevarharmonisering.

Sjølv om utviklinga går i rett retning, synest framleis ikkje Verdsbanken å leggje nok vekt på rolla til folkevalde organ i utviklinga av nasjonale utviklingsstrategiar. Når det rundt fem år etter at PRSP-prosessen kom i gang med ei viss tyngd, framleis berre er halvparten av strategiane som er lagde fram for lovgjevande forsamlingar i dei aktuelle landa, er det grunn til uro. Ein kan spørje seg om kor langt Verdsbanken skal kunne gå i å påleg-

gje regjeringane i låntakarland å underleggje PRSPane ei bestemt forhandlingsform. Men handsamingsformene har òg noko å seie for IDA direkte, sidan manglande handsaming i folkevalde organ gjev mindre legitimitet til grunnlaget for IDA-hjelp til eit land. Frå norsk side vil dette spørsmålet framleis verte teke opp i relevante samanhengar.

Ei ramme for måling av resultat av hjelp vart introdusert i IDA 13. Dette var eit nokså enkelt konsept med få indikatorar, som særleg gjeld utdanning, helse og utvikling av privat sektor. Det var brei semje om å styrkje systemet for resultatmåling på grunnlag av eit sett med 14 indikatorar og at systemet må justerast undervegs når det trengst. Det vil verte gjort ei evaluering i samband med midtvegsgjennomgangen av IDA 14. Mange la vekt på at IDA må intensivere støtta til nasjonal kapasitetsbygging på dette feltet, særleg med omsyn til statistikk, for å gjere mottakarlanda sjølve betre i stand til å måle resultat. Indikatorane må vere sentrale i høve til FN's tusenårsmål.

I tida framover vil det vere viktig å setje fokus på nært samarbeid, grunna på kompetansen og mandatet til den einskilde institusjonen, snarare enn oppdeling og monopolisering av ansvar når det gjeld tilhøvet mellom Verdsbanken og FN. Ikkje minst i land som er påverka av konflikhtar, vil slikt samarbeid vere påkravd. Vidare må ein arbeide for ytterlegare betring i samarbeidet og arbeidsdelingen mellom Verdsbanken og Det internasjonale valutafondet (IMF).

5 Noregs tilskot til påfyllinga

Det norske regulære tilskotet til IDA 14 er på 2 184 070 000 kroner, som skal innbetalast over tre år. Tilskot til IDA går over kap. 0171, post 70 (Verdsbanken). I tillegg kjem Noregs tilskot til dekning av IDAs gjeldslettekostnader under HIPC i IDA 14-perioden, som utgjer NOK 195 930 000 over tre år og vert innbetalt separat frå dei regulære tilskota. Til liks med dei tilskota som Noreg tidlegare har gjeve til HIPC-føremål, som ikkje har vore føremål for ei framforhandla byrdefordeling, vil tilskotet til å dekkje IDAs HIPC-kostnader verte dekt av Fond for internasjonale gjeldsletteoperasjonar (kap. 0172.70).

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til at Noreg deltek i den 14. kapitalpåfyllinga i Det internasjonale utviklingsfondet (IDA).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til at Noreg deltek i den 14. kapitalpåfyllinga i Det internasjonale utviklingsfondet (IDA) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

**til vedtak om samtykke til at Noreg deltek i den
14. kapitalpåfyllinga i Det internasjonale utviklingsfondet (IDA)**

I

Stortinget samtykkjer i at Noreg deltek i den
14. kapitalpåfyllinga i Det internasjonale utviklings-

fondet (IDA) med 2 184 070 000 kroner for perio-
den 1. juli 2005 til 30. juni 2008.

Vedlegg 1

Tilskot til den 14. påfyllinga av Det internasjonale utviklingsfondet

| LAND | Byrdefordeling Ordinære bidrag | SDR beløp i millioner Ordinære bidrag | Ekstraordinære bidrag* i SDR | Totalt påfyllingsnivå i millionar SDR |
|---------------|-----------------------------------|--|---------------------------------|--|
| Australia | 1,46% | 182,50 | 6,86 | 189,36 |
| Austerrike | 1,56 % | 195,00 | 3,67 | 198,67 |
| Barbados | 0,002% | 0,25 | 0,01 | 0,26 |
| Belgia | 1,55 % | 193,75 | 7,29 | 201,04 |
| Brasil | 0,61% | 76,24 | 2,87 | 79,11 |
| Canada | 3,75 % | 468,5 | 17,63 | 486,38 |
| Danmark | 1,35 % | 169,06 | 7,43 | 176,49 |
| Finland | 0,60 % | 75,00 | 2,82 | 77,82 |
| Frankrike | 7,20 % | 900,00 | 28,20 | 928,20 |
| Hellas | 0,12% | 15,00 | 0,56 | 15,56 |
| Irland | 0,37% | 46,79 | 9,14 | 55,93 |
| Island | 0,04% | 5,00 | 0,91 | 5,91 |
| Israel | 0,07% | 8,93 | 0,47 | 9,40 |
| Italia | 3,80 % | 475,00 | 17,86 | 492,86 |
| Japan | 11,57 % | 1 468,71 | 75,20 | 1 543,92 |
| Kuwait | 0,14 % | 17,50 | 0,66 | 18,16 |
| Luxemburg | 0,18% | 22,15 | 0,47 | 22,62 |
| Mexico | 0,05% | 6,25 | 0,24 | 6,49 |
| Nederland | 2,80 % | 350,00 | 12,22 | 362,22 |
| New Zealand | 0,12% | 15,00 | 0,56 | 15,56 |
| Noreg | 1,68% | 210,09 | 7,14 | 217,23 |
| Polen | 0,03% | 3,75 | 0,14 | 3,89 |
| Portugal | 0,20 % | 25,00 | 0,94 | 25,94 |
| Russland | 0,14% | 17,00 | 22,07 | 39,07 |
| Saudi-Arabia | 0,22 % | 27,80 | 1,83 | 29,64 |
| Singapore | 0,14% | 17,50 | 0,66 | 18,16 |
| Slovakia | 0,01% | 1,72 | 0,05 | 1,76 |
| Slovenia | 0,03% | 3,75 | | 3,75 |
| Spania | 2,20 % | 275,00 | 8,46 | 283,46 |
| Storbritannia | 12,14 % | 1 517,03 | 171,48 | 1 732,53 |
| Sveits | 2,21 % | 276,25 | 11,42 | 287,67 |
| Sverige | 2,96 % | 370,49 | 175,23 | 545,72 |
| Sør-Afrika | 0,08 % | 10,00 | 0,38 | 10,38 |

Om samtykke til at Noreg deltek i den 14. kapitalpåfyllinga i Det internasjonale utviklingsfondet (IDA)

| LAND | Byrdefordeling Ordinære bidrag | SDR beløp i millioner Ordinære bidrag | Ekstraordinære bidrag* i SDR | Totalt påfyllingsnivå i millionar SDR |
|----------------------------------|-----------------------------------|--|---------------------------------|--|
| Sør-Korea | 0,91 % | 113,75 | 4,28 | 118,03 |
| Tsjekkia | 0,05% | 6,25 | 0,24 | 6,49 |
| Tyrkia | 0,09% | 11,25 | 0,42 | 11,67 |
| Tyskland | 7,96 % | 995,34 | 48,41 | 1 043,75 |
| Ungarn | 0,06% | 7,50 | 0,28 | 7,78 |
| USA | 12,95 % | 1 619,23 | 94,56 | 1 713,79 |
| Venezuela | 0,03% | 3,75 | 0,14 | 3,89 |
| Samanlagt | 81,63% | 10 203,34 | 743,18 | 10 990,00 |
| Midler frå forsert nedtrekk | 1,44% | 179,64 | | 179,64 |
| Strukturelt finasie- ringsgap | 16,94% | 2 117,02 | | 1 799,58 |
| Totalt | 100,00 % | 12 500,00 | | 12 969,76 |

* Inkludert kompensering for IDAs manglande inntekter som ein følge av auka gaveelement under IDA 13.



Grafisk produksjon: PDC Tangen a.s

241 333
Trykkast